4. Grønstruktur

Temanotat

Forarbeid til kommuneplanens arealdel

HJELMELAND KOMMUNE – HØYRINGSUTKAST 2026

Innhald

1. Innleiing 3
   Arealstrategi relevante punkt 3
   Metodikk 4
2. Arealreserven i gjeldande plan 4
3. Generelle innspel 5
   3.2 Innspel frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) (innspel 126) 5
4. Kartfesta innspel 7
   4.2 Børkjaheia - Måmyra 7
   4.3 Espholmen 9
   4.4 Kådavågen - Svansholmen 10
   4.5 Åkerholmen og Storholmen 12
   4.6 Heimre Børøyholmen 13
   4.7 Hovudturveg – endring av turistforeningen sitt rutenett 15
5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan 16
   5.2 59/1 – Hjelmelandsånå - Hjelmeland 18
   5.3 62/mfl.. – Sande – hotellet – fylkesvegen – Hjelmeland sentrum 19
   5.4 Hetlandsvatnet - Fistervågen 20
   5.5 Steinslandsvatnet rundt - Hjelmeland 21
   5.6 Prestavegen: Årdal – Espeland 22
   5.7 Årdalsjøen – Svaberg - Årdal 23
   5.8 Riskedalsvatnet sør - Årdal 24
   5.9 Hauge bru – industriområde Vadla, langs Ulla - Jøsenfjorden 25
   5.10 Kaldavatnet - Bjødnabu 27
   5.11 Haugevika - Jøsenfjorden 28
   5.12 Sanitas - Årdal 29
   5.13 Riskedalsvatnet – badeplass, Årdal 30
   5.14 Hjelmen - Hjelmeland 31
   5.15 Strandsone mellom småbåthamn Hortane og Melsøyrane industriområde - Årdal 32
   5.16 Strandsone mellom Årdal brygge og kai - badeplass 33
   5.17 Strandsona Puntsnes - Hjelmeland 34
6. Oppsummering/arealrekneskap 34
   6.2 Areal frå reguleringsplanar føreslått vaska ut 34
   6.3 Oppsummering 35
7. Konsekvensutgreiing 37
   7.1 Innspel 126 Natureservat Børkjaheia - Måmyra 37

7.2 Espholmen....40
7.3 Kådavågen – Svansholmen....41
7.4 Åkerholmen og Storholmen....43
7.5 Heimre Børøyholmen....44
7.6 Hovudturveg – endring av turistforening sitt løypenett....46

1. Innleiing

Arealformålet grønnstruktur blir brukt for å vise samanhengande, vegetasjonsprega områder som ligg innafor eller i tilknyting til byar eller tettstader.
Viktige område for natur og friluftsliv ligg lenger utanfor tettstadane, der planføremålet ofte er LNF (landbruk, natur- og friluftsliv). Her kan natur- og friluftsinteressene ivaretakast ved bruk av omsynssoner (eige tema-dokument).

Blågrønn struktur og overvannstiltak er også underformål til grønnstruktur. For å sikre at den blågrønne strukturen blir samanhengande og kan ivareta fleire omsyn på ein god måte, kan ein bruke underformåla blågrønn struktur, naturområde, turdrag, friområde, park, overvannstiltak eller kombinerte grønnstrukturformål.

Formålet grønnstruktur skal blant annet sikre tilgjenge til grøntområde, viktige landskapselement og godt lokalklima. Arealformålet kan brukast til å binde saman dei grønne områdene innafor og nær byggeområda med dei omkringliggande LNFR-områda.

Underformålet friområde er meint brukt for område som ein forutset skal ervervast og opparbeidast til ålmenn bruk og opphald.

Formannskapet har i sak 040/26 vedtatt at grønnstruktur er eit prioritert tema.

Arealstrategi relevante punkt

Sosial berekraft:

- Me skal leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur

Miljømessig berekraft:

- Me skal nå dei nasjonale måla om redusert omdisponering av dyrka/ dyrkbar mark, redusera inngrep i våtmark og myrområde og anna viktig natur. Dette gjer me ved å byggja tett i bustad-, fritidsbustad- og næringsområde, både i nye og eksisterande byggeområde. Me ynskjer også å redusera dagens omsynssone frå 50m til 25m langs sjø/vassdrag.
- Det skal leggjast vekt på at område for bustader og fritidsbustader har rom for blå-grøne strukturar som skal redusera risiko for naturfare, skapa trivsel og ta vare på naturkvalitetar.

Metodikk

I dette dokumentet har ein vurdert innkomne innspel, og eksisterande område og linjer (turvegar) i gjeldande plan.

Område som i planperioden er tatt inn i reguleringsplan er ikkje vurderte.

Grønnstruktur er ikkje eit byggeformål og KU/ROS er ikkje aktuelt på same måte som for byggeområda. For dei kartfesta innspela er det likevel gjort ei forenkla konsekvensvurdering, for å gjera ei vurdering av innspelet opp mot andre interesser.

2. Arealreserven i gjeldande plan

Totalt for heile kommunen

I heile kommunen er det i gjeldande kommuneplan om lag 370 dekar avsett til grønnstruktur, fordelt på underformåla naturområde og friområde.
Til underformålet turdrag er det avsett 26 km turveg.
I tillegg kjem turistforeningen sitt løypenett i fjellet som ikkje er tallfesta.

3. Generelle innspel

3.2 Innspel frå Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) (innspel 126)

Innspelet:
«FNF ber om at bestemmelsen oppdateres slik at den i større grad favner helheten i formålet til bestemmelsen. – Ref. Stavanger sin kommuneplan :

1. Overordnet grønnstruktur skal være sammenhengende, nær, variert og naturbasert. Disse grunnprinsippene skal ivaretas ved forvaltning og videreutvikling av overordnet grønnstruktur og legges til grunn for alle planer og prosjekter som berører grønnstrukturen.
2. Grønnstrukturen skal ivaretas og videreutvikles som bruks- og rekreasjonsområde for mennesker, økosystemer for naturmangfold, kulturminner, og for å bidra til klimatilpasning. Sammenhenger innenfor og imellom blågrønne områder skal sikres og tilpasses både menneskenes og naturens behov. Friområder og overordnet grønnstruktur skal utvikles og gjøres tilgjengelige med tanke på opplevelser og aktiviteter for allmennheten. Samtidig skal naturmangfoldet bevares og styrkes. Ved skjøtsel og tilrettelegging skal naturmangfold og kulturlandskap søkes bevart.»

Vurdering:

I den gjeldande kommuneplanen er det ei føresegn knytt til hovudformålet grønnstruktur:

> §21 Tiltak innanfor formål grøntstruktur skal ikkje kome i berøring/konflikt med automatisk freda kulturminne eller virke skjemmande på desse. Etablering av turvegar gjennom område med automatisk freda kulturminne skal skje i samråd med RFK-kultur.

I tillegg er det ei felles retningslinje:

Retningslinje: Vidareutvikling av grøntstrukturen i Hjelmeland sentrum er eit viktig grep for å auke attraktiviteten i tettstaden Hjelmeland, og knyte dei ulike delane saman. Det skal utarbeidast ein overordna plan/skisse for attraktive grønstrukturar og opphaldsområde i Hjelmelandsvågen, særskilt på kommunal eigedom.

I rettleiar til kommuneplan står det at hovudformål grønnstruktur blir brukt for å visa samanhengande, vegetasjonsprega område som ligg innafor eller i tilknyting til byar

eller tettstader. Formålet er også meint å ivareta omsyn til handtering av vatn og vassdrag i desse områda, og leggja til rette for at dei blågrøne områda kan ivareta fleire omsyn i saman.

Me oppfattar at FNF ønskjer at kommunen har vedtekter eller retningslinjer som følgjer opp denne intensjonen, og sikrar at grønnstrukturen blir samanhengande og at omsyn til friluftsliv, natur mm. blir ivaretatt.
Ei tydeleg retningslinje kan gjera det enklare å forvalta desse områda.

Forslag:

Innspelet blir fulgt opp med ei ny retningslinje slik:

Retningslinje: *Overordna grønnstruktur skal vera samanhengande og naturbasert. Grønnstrukturen skal takast vare på og vidareutviklast som bruks- og rekreasjonsområde for menneske, økosystem for naturmangfold, kulturminne, og for å bidra til klimatilpassing. Friområder og overorda grønnstruktur skal gjeras tilgjengelege for ålmenta. Ved skjøtsel og tilrettelegging skal naturmangfald og kulturlandskap bevarast.*

4. Kartfesta innspel

Her følgjer innspel som er kome inn i forbindelse med rullering av kommuneplanen.

Det er kome inn 1 konkrete innspel som gjeld nye og eksisterande område for grønnstruktur. Formannskapet (FKS) gjorde i mars 2026 (sak 040/26) vedtak om at grønnstruktur er eit prioritert tema, og alle innspela blir difor vurderte.

Følgjande innspel er vurdert vidare som følgje av fsk sak 040/26:

Innspelsnummer	Stad	Underformål?	Tilråding
126	Børkjaheia - Måmyra	Naturområde - naturreservat	Nei, LNF med omsynssone
126	Espholmen	Friområde – statleg sikra	Nei, LNF
126	Kådavågen og Svansholmen	Friområde – statleg sikra	Nei, LNF med omsynssone
126	Åkerholmen og Storholmen	Friområde – statleg sikra	Nei, LNF med omsynssone
126	Heimre Børøyholmen	Friområde – statleg sikra	Nei, LNF med omsynssone
125	Fjellområda	Hovudturveg	Ja

4.2 Børkjaheia - Måmyra





Innspel frå	Forum for Natur og friluftsliv
Grunneigarar	Fleire gunneigarar i Årdal og Hjelmeland
Stad. Gbnr	Område mellom Børkja, Riskedal og Bjødnabu
Gjeldande kommuneplan	LNFR-område, omsynssone bandlagt drikkevatn ved Valavatnet, omssynssone natur på Måmyra

Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Heiområde mellom Årdal og Hjelmeland utan større inngrep. Boreal hei og kystlynghei, og myrområde. Valavatn som er hovuddrikkevasskjelda for Hjelmeland ligg midt i området.
Skildring av forslag	Større sammenhengende område med terrengdekt myr (VU) og kystlynghei (EN). Området er artsregistrert flere ganger og har kvaliteter som kvalifiserer til vern etter naturmangfoldloven. Deler av området er helt inngrepsfritt. Foreslår formål Grønnstruktur – naturområde. Naturreservat Meiner at området bør vernast for all framtid. Dyrka areal i sør bør ikkje inngår verneområde.
Arealstorleik	13,2 km^2
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonflikter	
Landbruksdrift; store deler av areala er i bruk som beiteområde, og eventuelt vern må tilpassast og gi rom for beitebruk, som er ønskjeleg for å hindra attgroing av kystlyngheia.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Miljømessig berekraft	Me skal finna balansen mellom vern og bruk, ved å ha tydelege skilje mellom dei store natur- og utmarksområda og utbyggingsområda.
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
Området har store naturverdiar, både raudlista og viktige naturtypar. Det er observert fleire raudlista fugleartar i området. Området er nesten utan større inngrep, og blir også nytta til friluftsliv. Det er kartlagt større område med viktig natur også aust for området som er føreslått frå FNF. Naturreservat er den strengaste verneforma etter naturmangfaldlova, og det Kongen i statsråd som fastset vern av område, jf. nml. Kap.V. Komunen kan ikkje sjølv vedta eit naturreservat, men kan føreslå området. Om ein legg inn dette området som grøntområde natur kan ein gi føresegner som sikrar området mot inngrep eller tiltak som kan vera ein trussel mot naturmangfaldet. På den andre sida er ein av dei dominerande naturtypane i dette området kystlynghei, som er avhengig av beiting og bruk av heia. Landbruksomsynet er med andre ord også viktig i dette området, og planen må tilrettelegga for framleis beitebruk og landbruksdrift, kombinert med at ein tek omsyn til naturverdiane og ikkje øydelegg dei.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår ikkje grønnstruktur, men LNF med omsynssone natur.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4.3 Espholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Ola Dale
Stad. Gbnr	72/2
Gjeldande kommuneplan	LNF føremål, omsynssone natur i sjøen mot sør og aust
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Holme på om lag 65 dekar som ligg i Ølesundet. Tidlegare gardsbruk/ husmannsplass med fint kulturlandskap med eit lite hus og løe. Steingardar og hustufter. Beitemark og skog.
Skildring av forslag	Grønnstruktur – Friområde Statlig sikret friluftslivsområde, Skildra som regionalt viktig friluftsområde.
Arealstorleik	65 dekar
0-alternativ	Dagens arealbruk

Interessekonflikter
Grunneigar nyttar holmen til beite, og auka bruk og eventuell tilrettelegging av friområde kan vanskeleggjera beitebruken. Natur – det er kartlagt viktig tareskog i sør og aust, eventuell tilrettelegging må ikkje øydeleggja desse.
Arealstrategi

Sosial berekraft	Me skal leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur.
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
FNF sitt innspel er at Espholmen bør setjast som friområde, der målet er at det skal bli eit statleg sikra friområde. Føremålet med statleg sikra friluftsområde er at dei viktigaste friluftsområda skal vera tilgjengelege og attraktive å ta i bruk for ålmenta. Dette er område som er mykje brukte og der det kan tilretteleggast for friluftsliv. LNF-føremålet beskyttar også areal mot nedbygging, samstundes som ålmenta har rett til å ferdas i utmark i LNF-områda. Espholmen er i aktiv bruk som beite, og grunneigar syter for eit godt vedlikehalde kulturlandskap. Kommunedirektøren si vurdering er at Espholmen sine verdiar blir best ivaretatt gjennom den eksisterande bruken, og gjennom LNF-føremålet. Tilrettelegging for ein større auke i bruken av området til friluftsføremål kan koma i konflikt med landbruk, natur og kulturverdiar. Holmen vil uansett vera tilgjengeleg for folk gjennom allemannsretten.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Tilrår å ikkje å følgje innspelet, men å halde på dagens formål som er LNF	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4.4 Kådavågen - Svansholmen



Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Odd Sørestad og Jostein Bjelland
Stad. Gbnr	Kådavågen – 87/3 og 88/2
Gjeldande kommuneplan	LNF- føremål med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Svansholmen er ein liten skogkledd holme i innløpet til Kådavågen. Surdal er ei bukt brukt som badeplass innerst i Kådåvågen.
Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Områdene bør bevares. Enkel tilrettelegging for friluftslivsbrukere bør tillates.
Arealstorleik	39 dekar

0-alternativ	Dagens planformål – LNF med omsynssone friluftsliv

Interessekonflikter	
Ingen kjende interessekonflikter så lenge friluftsformålet ikkje er til hinder for grunneigar sin bruk av holmen til landbruksdrift som hogst eller beite.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	I samsvar med ønskje om å leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur.
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
Grønnstruktur friområde er eit føremål som berre skal nyttast dersom ein har intensjon om at det offentlege skal erverve arealet med det for auga å opparbeide/tilrettelegge for ålmenn bruk av området. FNF sitt ønskje for desse områda er nettopp det; at dei skal bli sikra for ettertida. I dette området i Kådåvågen er det ein del båtutfart, både knytt til hytteområdet i Kådåvågen og til Furutangen, men også båtfolk elles. I Hjelmeland er Søre Børøyholmen det einaste statleg sikra båtutfartsområde, men også naboøyane Forøya og Sauøya I Stavanger kommune er sikra. I dei statleg sikra friområda er det kommunen eller friluftsråd som har ansvar for drift- og tilsynsoppgåver. Dersom kommunen ønskjer å arbeide for at Svansholmen og Surdal blir statleg sikra friluftsområde så er det rette føremålet grønnstruktur - friområde. LNF-føremål med omsynssone friluftsliv som i dag, gir også området ein god beskyttelse som friluftsområde.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Vidareføre som før – LNF med omsynssone friluftsliv.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4.5 Åkerholmen og Storholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Dødsbuet etter Anlaug Synnøve Klevar Skår Arthur Kjetil Sandvik og Linda Lyng Sandvik
Stad. Gbnr	82/2 og 82/2
Gjeldande kommuneplan	LNF med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Ågerholmen og Storholmen ligg ved utløpet av Årdalsfjorden ved Nordskår.
Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Området bør sikres for all fremtid. Enkel tilrettelegging for friluftsliv bør tillates.
Arealstorleik	12 + 36 dekar
0-alternativ	Dagen plan – LNF-føremål med omsynssone

Interessekonflikter	
Ingen kjende interessekonflikter så lenge friluftsformålet ikkje er til hinder for grunneigar sin bruk av holmen til landbruksdrift som t.d. beite. Ågerholmen er kartlagt med viktig naturtype -kystlynghei, men det er ikkje grunn til å tru at bruk av holmen som friluftsområde vil gjera skade på kystlyngheia.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	I samsvar med ønskje om å leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur.
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	

Samla vurdering
Grønnstruktur friområde er eit føremål som berre skal nyttast dersom ein har intensjon om at det offentlege skal erverve arealet med det for auga å opparbeide/tilrettelegge for ålmenn bruk av området. I dei statleg sikra friområda er det kommunen eller friluftsråd som har ansvar for drift- og tilsynsoppgåver. Desse holmane er registrerte som regionalt viktig friluftsområde (registrering frå 2004). Dersom kommunen ønskjer å arbeide for at Ågerholmen og Storholmen blir statleg sikra friluftsområde så er det rette føremålet grønnstruktur -friområde. LNF-føremål med omsynssone friluftsliv som i dag, gir også området ein god beskyttelse som friluftsområde, og er det kommunen har nytta på andre viktige friluftsområde.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som før – LNF med omsynssone friluftsliv.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

4.6 Heimre Børøyholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Eivind Lodén
Stad. Gbnr	89/1
Gjeldande kommuneplan	LNF med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Skogkledd holme søraust for Børøy, mellom VBørøy og Søre Børøyholmen
Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Området bør sikres for all fremtid. Enkel tilrettelegging for friluftsliv bør tillates.
Arealstorleik	52 dekar

0-alternativ	Dagens plan – LNF med omsynssone.

Interessekonflikter	
Ingen kjende interessekonflikter. Hurtigbåt går av og til gjeonnom Djupasund mellom Børøy og Heimre Børøyholmen, men sundet er ikkje vist som farled hjå Kystverket.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	I samsvar med ønskje om å leggja til rette for folkehelse og trivsel gjennom å sikra gode og lett tilgjengelege rekreasjons- og friluftsområde, i nærleiken av der folk bur.
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
Grønnstruktur friområde er eit føremål som berre skal nyttast dersom ein har intensjon om at det offentlege skal erverve arealet med det for auga å opparbeide/tilrettelegge for ålmenn bruk av området. I dei statleg sikra friområda er det kommunen eller friluftsråd som har ansvar for drift- og tilsynsoppgåver. Dersom kommunen ønskjer å arbeide for at Heimre Børøyholmen blir statleg sikra friluftsområde så er det rette føremålet grønnstruktur -friområde. Det er ein fordel for tilsyn og forvaltning at dei to Børøyholmane ligg så tett. LNF-føremål med omsynssone friluftsliv som i dag, gir også området ein god beskyttelse som friluftsområde, og er det kommunen har nytta på andre viktige friluftsområde.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Vidareføre som før – LNF med omsynssone friluftsliv.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

4.7 Hovudturveg – endring av turistforeningen sitt rutenett





Innspel frå	Stavanger turistforening
Eigar	Hjelmeland statsallmenning, sameiget Grasdalen, Storådalen og Futen, sameiget Nilsebu
Stad. Gbnr	Hjelmeland Statsallmenning 144/1 Grasdalen 118/1 Nilsebu 121/3
Gjeldande kommuneplan	Hovudturveg - linjer
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Høgheia i Hjelmeland
Skildring av forslag	Omlegging av hytte- og løypenett av omsyn til villrein, jf. forslag tiltaksplan for villrein. Ny hytte ved Helvetesvatnet, ny hytte i Grasdalen, nedlegging av

	Eidavatnet og gammel hytte i Grasdalen, omlegging av løyper som vist i kart .
Lengd	Ca. 18 km løype nedlagt ca. 11 km ny løypetrasé
0-alternativ	Dagen løypenett

Interessekonflikter	
Turistløyper kan vera i konflikt med naturinteresser, i dette område særleg villrein. Innspelet om endring av løypenettet kjem som følgje av ein omfattande prosess med å finne løysingar som er mindre i konflikt med villreininteressene. Forslaget om flytting av hytter og løyper er i all hovudsak omforent med grunneigar, turistforening, verneområdeforvaltninga og villreinforvaltninga.	
Arealstrategi	
Sosial berekraft	
Miljømessig berekraft	
Økonomisk berekraft	
Samla vurdering	
Kvalitetsnorma for villrein har vist at villreinstamma i Setesdal – Ryfylke villreinområde slit, blant anna som følgje at dei naturlege trekk-korridorane er endra som følgje av vasskraftutbygging. Dette gjer dei ekstra sårbare for forstyrringar frå menneskeleg aktivitet. Turistforeningen si hytte ved Storsteinen har vist seg å ha ei uheldig plassering med omsyn til villrein, og det har i mange år blitt arbeid med å finna ei løysing for å legge ned/flytte denne hytta. Løysingforslaget som nå ligg føre medfører endringar inn i Hjelmeland kommune.	
Kommunedirektøren si tilråding	
Ta innspelet til å følgje, og leggje inn turisforeningen sitt løypenett med endra plassering av hytter og løyper slik som føreslått.	
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming	
Som tilrådd.	

5. Planvask – vurdering av områda i gjeldande kommuneplan

Kort om kva som skal planvaskast og ikkje. KU flyttast til etter KU for innspel

OMRÅDE I GJELDANDE KOMMUNEPLAN			
Stad	bygd	Underformål	Tilråding
Hjelmelandsånå Elvesona frå Vågabrua til Osa bru	Hjelmeland	Naturområde	Vidareføre med utviding

Prestøyra/Ånå	Hjelmeland	Turdrag	Inngår delvis i områdeplan – vidareføre resten
Sande – Hjelmeland sentrum	Hjelmeland	Turdrag	Vidareføre
Turistforeningen sitt løypenett	Heile kommunen	Turdrag – hovudturveg (linje)	Vidareføre, men med omlegging i samsvar med innspel.
Hetlandsvatnet - Fistervågen	Fister	Turdrag – lokalturveg (linje)	
Steinslandsvatnet rundt,Hjelmeland	Hjelmeland	Turdrag – lokalturveg (linje)	Vidareføre
Prestavegen: Årdal – Espeland	Årdal - Hjelmeland	Turdrag – lokalturveg (linje)	Vidareføre
Årdalsjøen – Svaberg	Årdal	Turdrag – lokalturveg (linje)	Vidareføre
Svaberg – Leirberget	Årdal	Turdrag - lokalturveg	Inngår i reguleringsplanar – PlanID 202402 og R104
Riskedalsvatnet sør	Årdal	Turdrag - lokalturveg	Vidareføre
Årdal: Gea - skuleområde	Årdal	Turdrag - lokalturveg	Ferdig bygd i samsvar med reg. plan
Hauge bru – industriområde Vadla, langs Ulla	Jøsenfjorden	Turdrag - lokalturveg	Vidareføre
Kaldavatn Bjødnabu	Årdal - Hjelmeland	Turdrag - lokalturveg	Vidareføre
Haugevika	Jøsenfjorden	Friområde - badeplass	Vidareføre
Sanitas	Årdal	Friomåde	Vidareføre
Riskedalsvatnet	Årdal	Friområde – offentleg badeplass	Vidareføre
Hjelmen	Hjelmeland	Friområde	Vidareføre
Søre Børøyholmen	Randøy	Friområde - båtufart	Statleg sikra friluftsområde
Strandsone mellom småbåthamn og Melsøyrane industri	Årdal	Friområde	Vidareføre
Strandsone vest for Årdal Brygge	Årdal	Friområde	Vidareføre

Strandsone Puntsnes	Hjelmeland	Friområde	Vidareføre

5.2 59/1 – Hjelmelandsånå - Hjelmeland



Område	Hjelmelandsånå Elvesona frå Vågabrua til Osa bru
Eigedom	59/1
Kommuneplanen	I kommuneplan frå 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Hjelmelandsånå Elvesona frå Vågabrua til Osa bru.
Storleik	Ca. 15 dekar
Status område	Deler av området inngår i områdeplan for Hjelmeland sentrum R179, reguelrt til naturområde – grønnstruktur.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje vurdert tidlegare

Vurdering
Hjelmelandsåna er anadrom, og det er elvemusling i Hjelmelandsvassdraget. Det er førekomst av musling også heilt ned i nedre del. Både atlantisk laks og elvemusling er trua artar og det er viktig at tek vare på åna som levemiljø for desse. Det er difor svært viktig å unngå inngrep i elva, og å ta vare på ei urørt kantsone. For å sikre kantsona å unngå inngrep i denne bør området utvidast heilt opp til utløpet av Steinslandsvatnet.
Kommunedirektøren si tilråding
Videreføre og utvide med ca. 10 dekar
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.3 62/mfl.. – Sande – hotellet – fylkesvegen – Hjelmeland sentrum



Område	Sande - Solvang
Eigedom	62/19 m.fl.
Kommuneplanen	Lagt inn som turdrag i 2019, og del av G2 gjennomføringssone med krav om detaljregulering.
Føringar i Kommuneplanen	Framtidig gangveg/turveg langsmed sjøen med to tverrforbindelsar (gangveg-koplingar) opp mot fylkesvegen. Turvegen skal koplast mot regulert gangveg i R170 Sande ferjekai og R166 Solvang, samt mot regulerte vegar frå fylkesvegen i R46. Det er krav om utarbeiding av detaljreguleringsplan for eit større område enn kun gangveg traseen, sjå føringar for detaljreguleringa i G2 i kap. 7.3. Kommuneplanen overstyrer gjeldande reguleringsplanar for området, dvs. R 46 Nøkling-Sande og R44 Elveosen-Nøkling.
Storleik	Ca. 6 dekar
Status område	Detaljregulering er ikkje gjennomført jf. fsk-vedtak 006/26. Det er ikkje gjort andre tiltak i området etter at kommuneplan blei vedtatt i 2019.
Tidlegare KU/ROS	

Vurdering
Idag er det gangveg langs strand frå Hjelmelandsvågen til og med hotelltomta. Dette er ein viktig og mykje brukt passasje. Vidareføring av denne gangvegen heilt til Sande vil vera med og binda saman ferjekaien med det gamle sentrum, og korta ned avstand for alle. Gangvegen må reknast å vera eit viktig tiltak for bumiljø og folkehelse.

Formannskapet vedtok at ein ikkje ville setje i gong reguleringsplan i denne kommuneplanperioden, men dette var grunngjeve i kommunen sin økonomi. I FSk-vedtak 040/26 er det gjort følgjande prioritering: **10. Grønnstruktur** - **Natur, turdrag og friområde:** Prioritert tema: Me skal vurdere innkomne innspel vidare, med unntak om innspel å ta ut grønnstruktur G2 langs sjøen i Hjelmelandsvågen.
Kommunedirektøren si tilråding
Turdraget bør vidareførast i ny kommuneplan, med gjennomføringssone slik som sist.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.4 Hetlandsvatnet - Fistervågen



Område	Frå Staurland langs Hetlandsvatnet og ned til Fistervågen
Eigedom	80/1 m. fl.
Kommuneplanen	I kommuneplanen 2019 og 2011
Føringar i Kommuneplanen	Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trase i plankartet er rettleiande.
Storleik/lengde	Ca. 5 km
Status område	Jord- og skogbruksområde, ingen eller få endringar frå 2019
Tidlegare KU/ROS	- Ikkje KU/ROS - tidlegare

Vurdering
Tiltaket ville vore eit løft for friluftslivet i dette området, og kan kopla Nessa, Hetlandsbygda og Fister tettare saman. Tilrettelegging for aktivitet og friluftsliv er viktige tiltak for eit godt og attraktivt bumiljø. Det er ein del enkle stiar med utgangspunkt i Stemmen, ved Hetlandsvatnet, men med lite tilrettelegging. Turvegen har vore inne i to kommuneplanar utan å bli realisert, men tiltaket er positivt. Det vil vera viktig å finna rett nivå på standard og samstundes ta omsyn til landbruk, natur og vannmiljø langs traséen.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre

Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.5 Steinslandsvatnet rundt - Hjelmeland



Område	Steinslandsvatnet - Hjelmeland
Eigedom	Eigedommar på Kvame, Steinsland, Tuntland
Kommuneplanen	I kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trasè i plankartet er kun rettleiande. Ved endeleg trasèvalg skal ein ta omsyn til vassdrag og kantsoner, dyrka mark, tun og fast busetnad.
Storleik/lengd	Ca. 5 km
Status område	Jord- og skogbruksområde og friluftsområde, landbruksvegar/ veg i deler av strekket. Få endringar frå 2019.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare.

Vurdering
Tilrettelegging for aktivitet og friluftsliv er viktige tiltak for eit godt og attraktivt bumiljø. Det er ikkje mange turvegar rundt Hjelmeland sentrum med litt meir tilrettelegging, som det t.d. går å trille ei barnevogn. Turvegen har vore inne i to kommuneplanar utan å bli realisert, men tiltaket er viktig. Det vil vera viktig å finna rett nivå på standard og samstundes ta omsyn til landbruk og busetnad, natur og vannmiljø langs traséen.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med tilhøyrande retningslinjer.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.6 Prestavegen: Årdal – Espeland



Område	Årdal - Hjelmeland
Eigedom	Eigedommar på Riskedal, Eggjabø, Ingvaldstad, Børkja og Espeland
Kommuneplanen	Frå 2019
Føringar i Kommuneplanen	Turstitraseen er kulturhistorisk og går enkelte stader gjennom/langs fornminne. Traseen skal ikkje opparbeidast i grunnen. Kun enkle tiltak som merking/skilting er tillate, men då ikkje innafor automatisk freda kulturminne. Merkinga bør i størst mogleg grad følgje opprinneleg trasè. Enkelte trasèomleggingar av omsyn til tun, dyrka mark, fornminne el. anna kan likevel gjerast. Plan for merking/skilting av traseen skal godkjennast av Rogaland Fylkeskommune Kultur og avklarast med grunneigarar før etablering. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak. Omsynet til beitedyr skal òg vektleggjast; mogleg behov for ferister/gjerdeklyverar.
Storleik/lengd	Ca. 7 km

Status område	Deler av traséen frå Riskedal til Eggjabø er merka. Traseen går gjennom område med landbruksdrift. Ingen vesentlege endringar frå 2019.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare

Vurdering
Kulturhistorisk viktig og eit positivt tiltak for ei breiare tilbod av merka turvegar.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareførast med retningslinjer som i førre plan.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.7 Årdalsjøen – Svaberg - Årdal



Område	Årdal – mellom Årdalssjøen og Svadberg
Eigedom	100/4, 101/1, 101/2
Kommuneplanen	Kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Omsyn til landbruket skal ivaretas
Storleik/lengd	Ca. 2,5 km totalt, ca. 1,5 ny turveg, resten på eksisterande vegar.
Status område	Bustadområde ved Hortane er noko fortetta sidan 2019, elles er området som før. Turveg er ikkje merka eller opparbeidd.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare

Vurdering
Føremålet her å sikra at det er tilgang til og mulighet for å ferdast langs sjøen i Årdal. Industriområdet på Melsøyrane gjer at ein må leggje til rette for å gå rundt dette. Tiltaket er viktig tilrettelegging for friluftsliv, nærturen og såleis bumiljøet i Årdal. Som vist i føringane er det viktig at ein tek omsyn til landbruksinteressene i området, og naturverdiar.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i 2019 planen
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.8 Riskedalsvatnet sør - Årdal



Område	Langs Riskedalsvatnet - Årdal
Eigedom	102/1, 102/2, 102/4, 102/8, 102/15, 103/3, 101/1, 101/2, 101/7, 99/3
Kommuneplanen	Kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Etablering av tursti skal skje i samråd med grunneigarar. Dyrka mark og tun skal unngås. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak.
Storleik/lengd	Ca. 2,5 km
Status område	Landbruksområde med busetnad, to friområde (Sanitas og badeplass Ytrevoll). Ikkje vesentlege endringar frå 2019.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje tidlegare KU/ROS

Vurdering
Denne turvegen ligg sentralt i Årdal, den er relativt enkel å komma til frå idrett- og skuleområde. Den vil også koplast på den eksisterande Prestavegen som går frå den gamle kyrkja og rundt Riskedalsvatnet på nordsida. Turvegen vil vera eit positivt tiltak for bumiljø og folkehelse i Årdal, men tilrettelegging må skje i samråd med grunneigarar og ta omsyn til landbruk og natur.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinjer som i 2019 -planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.9 Hauge bru – industriområde Vadla, langs Ulla - Jøsenfjorden



Område	Langs FV4702 – frå Hauga til Vadla, Jøsenfjorden + frå Hauga bru til avkøyring Storhogg
Eigedom	27/1, 28/1
Kommuneplanen	Kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Ikkje særskilte føringar
Storleik/lengd	Ca. 1,2 km frå Hauga bru til butikken på Vadla, ca. 750 frå Hauga bru til Storhogg.

Status område	Området mellom FV og Ulla er landbruksareal, fulldyrka eller beite. Det er ikkje gjort vesentlege tiltak frå 2019. I gjeldande kplan går tursti til planlagt næringsområde på Vadla. Det er regulert inn gang- og sykkelsti i reguleringsplan R124, men på nordsida av FV4702
Tidlegare KU/ROS	Det er ikkje tidlegare utarbeidd KU/ROS for gangvegen.

Vurdering
Dette turvegdraget må sjåast i samanheng med regulert g-/s -veg i R124 frå Hauga bru til avkøyring Melandsmoen. I kommuneplanen ligg turvegen på sørsida av vegen, medan g-/s- veg i reguleringsplan er lagt inn mot nordsida. Det er også noko uklart om ein i tidlegare planar har tenkt turveg i staden for g-/s – veg, eller i tillegg til. Turveg-draget er dessutan vist i kommuneplankartet både for 2011 og 2019 heilt frå Vadla og opp til avkøyring til Storhogg. Strekket frå Hauga bru til Storhogg er ikkje omtala, berre vist i kartet. Det er komme innspel frå Jøsenfjorden fritidsklubb og bygdautval om å vidareføre gang- og sykkelvegen mellom Hauga bru og butikken på Vadla. Tiltaket er i samsvar med føring i arealstrategien om å ivareta barn/unge sine interesser, herunder trafikktryggleik mellom funksjonar i bygda. Trafikken i dette området har truleg auka som følgje av hytteutbygging Fjellbergskaret og Gullingen + auke i turisttrafikk. I gjeldande kommuneplan går turvegdraget fram til regulert område i R 126, då g-/s-veg vidare blir vist i planen. Kommunedirektøren tilrår å oppheva R126 (planvask). For sikra trygg gangveg frå Hauga til Vadla trur me det er best å satsa på at det blir bygd g-/s-veg langs fylkesvegen som vist i reguleringsplan R124. For å sikra trygg veg heilt fram vil kommunedirektøren tilrå at det blir lagt inn framtidig g-/s-veg frå krysset til Melandsmoen og fram til butikken på Vadla (sjå tema samferdsel). Vidare tilrår ein å ta ut turvegdraget frå Hauga bru til Vadla, men å behalde den delen som går frå Hauga til Storhogg.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre frå Hauge bru til Storhogg. Ta ut frå Hauge bru til Vadla
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Ta ut stien langs Ulla frå Hauge bru til Storhogg (dvs Storhoggfossen).

5.10 Kaldavatnet - Bjødnabu



Område	Heia mellom Bjødnabu og Bønardalen, Hjelmeland og Årdal
Eigedom	63 sameige, 104/5, 104/6, 106/49
Kommuneplanen	2019
Føringar i Kommuneplanen	Skiløype. Traseen skal ikkje opparbeidast i grunnen. Kun enkel tilrettelegging for skiløypemaskin.
Storleik/leng	Ca. 3 km
Status område	Samanhengande heiområde. LNFR-område i gjeldande kommuneplan, område rundt Fårevatnet er omssynssone friluftsliv.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS -tidlegare

Vurdering
Føremålet med dette turdraget er å kunne leggje til rette for å knyte saman skiløypene på Bjødnabu med utfartsområde i Bønardalen i Årdal. Området mellom Årdal og Hjelmeland vil i vintrar med gode snøforhold vera eit nært skiutfartsområde for store deler av befolkninga i Hjelmeland. I vårt område er vintrane ofte milde og snøforholda variable. Desto viktigare er det at ein kan leggje til rette for skiutfart når tilhøva ligg til rette for det. I store deler av området som traséen går gjennom er det kartlagt viktige og trua naturtypar som kystlynghei og nedbørsmyr, og mindre tiltak for å leggje til rette for løypemaskin, må ta omsyn til dette.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i 2019 planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.11 Haugevika - Jøsenfjorden



Område	Vest for felles småbåthamn i Haugevika
Eigedom	32/21
Kommuneplanen	Kommuneplan 2006, 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Reguleringsplanen er unøyaktig her, men badeplassen vest for molo/fellesbygg skal ivaretakast ubebygd som felles badeplass.
Storleik	Ca. 1 dekar
Status område	Opparbeid badeplass
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS

Vurdering
Badeplassen er opparbeidd og det er viktig å sikra at den blir oppretthalden. Reguleringsplan R29 omfattar deler av badeplassen, og viser arealet som byggeområde for molo og p-plass. Det er difor behov for å presisera gjennom kommuneplan at badeplassen skal oppretthaldast og ikkje byggjast på.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinje som i kommuneplan frå 2019.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.12 Sanitas - Årdal



Område	Sanitas – ved Riskedalsvatnet, Årdal
Eigedom	101/7
Kommuneplanen	Kommuneplan 2006, 2011, 2019
Føringar i Kommuneplanen	Strandsona ned mot Riskedalsvatnet skal haldast open for allmenta, og det kan etablerast tursti langsmed vatnet.
Storleik	Ca. 5 dekar
Status område	Strandsone mellom Sanitasbygget og Riskedalsvatnet.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS

Vurdering
Område gir tilgang til strandsona langs Riskedalsvatnet. Må sjåast i samanheng med planlagt turvegdrag langs vatnet. Viktig tiltak for friluftsliv og folkehelse sentralt i Årdal.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareførast som i kommuneplan frå 2019.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.13 Riskedalsvatnet – badeplass, Årdal



Område	Riskedalsvatnet – badeplass, Ytrevoll
Eigedom	102/1
Kommuneplanen	Kommuneplan 2006, 2011, 2019
Føringar i Kommuneplanen	Ingen særskilte føringar, men i plankart er området vist som omsynssone med krav om felles reguleringsplan med framtidig bustadområde B7
Storleik	Ca. 12 dekar
Status område	Badeplass er opparbeidd, og det er oppført gapahuk og tilrettelagt med bord og benker
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare

Vurdering
Området er opparbeidd og tatt i bruk, og er eit særs viktig friområde i Årdal. Området er mykje nytta av skule og barnehage, og badeplassen er den mest nytta badeplassen i bygda. Det er viktig å sikra at området blir oppretthalde som friområde. I gjeldande kommuneplan er det sett krav om felles reguleringsplan for friområde og tilgrensande planlagt byggeområde for bustader (B7). Kommunedirektøren tilrår å ta ut dette bustadområdet (planvask). Det er kommunedirektøren at friområdet kan sikrast gjennom kommuneplan , og at det ikkje er behov for å setje krav om reguleringsplan.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.14 Hjelmen - Hjelmeland



Område	Hjelmeland sentrum
Eigedom	59/1, 59/4, 60/1, 60/3, 60/6
Kommuneplanen	Kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Ved tilrettelegging i området skal ein ta særskild omsyn til registrerte naturverdiar
Storleik	Ca. 300 dekar
Status område	Området er utan større byggetiltak og inngrep. Merka stiar rundt Hjelmen og opp til toppen der det er ein liten gapahuk.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS

Vurdering
Hjelmen er det sentrale landemerket i Hjelmelandsbygda, og eit svært viktig tur- og naturområde i kommunesenteret. Området omfattar sjølv åsen, men går også ned til Steinslandsvatnet og strandsona her. Det er viktig å behalda dette viktige friområdet, samstundes som ein finn den rette balansen mellom omsyn til viktig natur og tilrettelegging for friluftsliv. I gjeldande kommuneplan har ein lagt på omsynssone natur for område der det er kartlagt viktige naturtypar. Alternativet til ei slik løysing er å dele området, og å legge dei viktigast naturområda som eigne formål – grønnstruktur, underformål natur. Naturområde-formålet skal ein først og fremst nytte i område der ein ikkje ønskjer inngrep i det heile, og ommunedirektøren meiner det er rett å behalda omsynssona som nå, for å kunne opne for tilrettelegging for tursti. Før eventuell meir opparbeiding og tilrettelegging bør området naturkartleggast på nytt etter NiN-instruksen.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i 2019 planen, med retningslinjer. Krav om NiN-kartlegging før nye tilretteleggingstiltak.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.15 Strandsone mellom småbåthamn Hortane og Melsøyrane industriområde - Årdal



Område	Mellom småbåthamn Hortane og Melsøyrane industriområde
Eigedom	100/1, 100/4, 101/1, 101/2
Kommuneplanen	Kommuneplan 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Ingen særlege føringar
Storleik	Ca. 3,5 dekar
Status område	Strandsone utan større inngrep og to mindre teigar med landbruksareal. Ingen endring frå 2019.
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare

Vurdering
Føremålet her å sikra at det er tilgang til og mulighet for å opphald langs sjøen i Årdal. Tiltaket er viktig tilrettelegging for friluftsliv og såleis bumiljøet i Årdal.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i 2019-planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.16 Strandsone mellom Årdal brygge og kai - badeplass





Område	Ved sjøen i Årdal
Eigedom	100/3
Kommuneplanen	Kommuneplan 2006, 2011 og 2019
Føringar i Kommuneplanen	Skal haldast open for allmenta. Kan oppgraderast
Storleik	Ca. 800 m^2
Status område	Ubebygd, ikkje opparbeidd
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS

Vurdering
Det er viktig å oppretthalda dette området dersom ein ønskjer å sikre at det er tilgjengeleg areal for badeplass i sjøen. Arealet krev tilrettelegging og opparbeiding om det skal bli attraktivt som badeplass. Deler av området avsett i kplan 2019 er tatt med i reguleringsplan for Årdal Brygge – R176, og avsett til felles friområde her. I føresegnene til reguleringsplanen står det at badeplass *kan* opparbeidast.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre med retningslinjer som i 2019-planen.
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

5.17 Strandsona Puntsnes - Hjelmeland



Område	Strandsona nedanfor bustadfeltet på Puntsnes
Eigedom	63/1
Kommuneplanen	Kommuneplan 2006, 2011, 2019
Føringar i Kommuneplanen	Ingen særskilte føringar
Storleik	Ca. 11 dekar
Status område	Stort sett ubebygd, nokre mindre byggetiltak/opparbeiding i tilknyting til bustadeigedommane nedst i byggefeltet. Synleg sti frå småbåthamna til naust på 63/86
Tidlegare KU/ROS	Ikkje KU/ROS tidlegare

Vurdering
Det er viktig å behalda urørte strandsoner i tilknyting til buområda, for å sikra at innbyggjerane har tilgang til naturområde i nærområdet.
Kommunedirektøren si tilråding
Vidareføre som i 2019-planen
Kommunestyret sitt vedtak ved 1. gangs handsaming
Som tilrådd.

6. Oppsummering/arealrekneskap

6.2 Areal frå reguleringsplanar føreslått vaska ut

I tillegg til områda som er vurderte her er det nokre område som tidlegare har inngått i reguleringsplan. Som følgje av at reguleringsplanar blir føreslått oppheva, blir nokre område føreslått lagt inn i kommuneplan.

Dette gjeld:

Område	Bygd	Areal	underformål
Tøtlandsvik	Vormedal	0,7 dekar	Friområde
Nesvik	Jøsneset	1,5	Friområde

6.3 Oppsummering

Naturområde			
Område	**Bygd**	**Tilråding**	**Areal dekar**
59/1 - Hjelmelandsånå	Hjelmeland	Vidareføre med utviding	25

Turdrag			
Område	**Bygd**	**Tilråding**	**Areal dekar**
62/1 m.fl. Sande - Solvang	Hjelmeland	Vidareføre	6
Prestøyra	Hjelmeland	Vidareføre	10
Sum			16

Lokalturveg			
Område	**Bygd**	**Tilråding**	**Lengde km**
Hetlandsvatnet-Fistervågen	Fister	Vidareføre	5
Steinslandsvatnet rundt	Hjelmeland	Vidareføre	5
Prestavegen	Årdal - Hjelmeland	Vidareføre	7
Årdalssjøen - Svadberg	Årdal	Vidareføre	2,5
Riskedalsvatnet sør	Årdal	Vidareføre	2,5
Hauga - Storhogg	Jøsenfjorden	Vidareføre	2
Kaldavatnet - Bjødnabu	Årdal - Hjelmeland	Vidareføre	3
Sum			27 km

Friområde			
Område	**Bygd**	**Tilråding**	**Areal dekar**
Haugevika	Jøsenfjorden	Vidareføre	1
Sanitas	Årdal	Vidareføre	5
Riskedalsvatnet	Årdal	Vidareføre	12
Hjelmen	Hjelmeland	Vidareføre	300
Hortane - Melsøyrane	Årdal	Vidareføre	3,5

Vest for Årdal bygge	Årdal	Videreføre	0,8
Puntsnes	Hjelmeland	Videreføre	11
Sum			333,3 dekar

Grønnstruktur i forslag til ny plan:

Friområde: 335,5 dekar

Naturområde: 25 dekar

Turdrag: 32 dekar

Lokal turveg: 27 km

7. Konsekvensutgreiing

7.1 Innspel 126 Natureservat Børkjaheia - Måmyra





Innspel frå	Forum for Natur og friluftsliv
Grunneigarar	Fleire gunneigarar i Årdal og Hjelmeland
Stad. Gbnr	
Gjeldande kommuneplan	LNFR-område, omsynssone bandlagt drikkevatn ved Valavatnet, omssynssone natur på Måmyra
Forslagsstillar	Forum for Natur og friluftsliv
Gjeldande kommuneplan	LNF
Gjeldande reguleringsplan	Ingen
Skildring av området	Heiområde mellom Årdal og Hjelmeland utan større inngrep. Boreal hei og kystlynghei, og myrområde. Valavatn som er hovuddrikkevasskjelda for Hjelmeland ligg midt i området.
Skildring av forslag	Større sammenhengende område med terrengdekt myr (VU) og kystlynghei (EN). Området er artsregistrert flere ganger og har kvaliteter som kvalifiserer til vern etter naturmangfoldloven. Deler av området er helt inngrepsfritt. Foreslår formål Grønnstruktur – naturområde. Naturreservat Meiner at området bør vernast for all framtid. Dyrka areal i sør bør ikkje inngår verneområde.
Arealstorleik	13,2 km^2
0-alternativ	Dagens arealbruk

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Det er store areal med trua natur i området, både terrengdekkande myr og kystlynghei. Vern har til føremål å ta vare på naturverdiane.
Naturresursar		Sandressurs
Jordbruk		Beitebruk, for strengt vern kan vanskeleggjera beitebruken.
Skogbruk		Området ligg i hovudsak over tregrensa. Noko skog i randområda.
100-metersbeltet		
Landskap		Vern konserverar og opprettheld landskapet
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		Ingen registrerte innanfor innspelsområdet.
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		Vern vil ta vare på myr og våtmarksområde og bidra til god vasskvalitet og godt vassmiljø.
Forureining og klimagass		Ingen kjend ureining
Samfunn		
Tettstadsutvikling		Området ligg relativt nært både Hjelmeland og Årdal. Positivt for bumiljø og folkehelse.
Bumiljø og folkehelse		Positivt for bumiljø og folkehelse.
Born og unge		Å ta vare på naturen er positivt for barn og unge.
Teknisk infrastruktur		Valavatn er kommunal drikkevasskjelde og magasin for Hauskje kraftverk. Veg og anlegg knytt til vassforsyning.
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		Transport av sand + persontransport
Næring og sysselsetjing		

Beredskap		Så lenge ein sikrar tilgang til anlegg for vassforsyning og kraftproduksjon vil vern ikkje vera ein ulempe if. Beredskap.

7.2 Espholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Ola Dale
Stad. Gbnr	72/2
Gjeldande kommuneplan	LNF føremål, omsynssone natur i sjøen mot sør og aust
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Holme på om lag 65 dekar som ligg i Ølesundet. Tidlegare gardsbruk/ husmannsplass med fint kulturlandskap med eit lite hus og løe. Steingardar og hustufter. Beitemark og skog.
Skildring av forslag	Grønnstruktur – Friområde Statlig sikret friluftslivsområde, Skildra som regionalt viktig friluftsområde.
Arealstorleik	65 dekar
0-alternativ	Dagens arealbruk

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Fleire raudlista fugle- og planteartar. Tareskog
Naturresursar		
Jordbruk		Beitebruk
Skogbruk		
100-metersbeltet		Forslaget medfører ikkje nedbygging, men det kan vera behov for mindre tiltak

		for å tilrettelegga for båtutfart.
Landskap		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		Ingen registrerte kulturminne, men det er eldre bygningar, hustufter og steingardar på holmen.
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		
Forureining og klimagass		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Positivt for bumiljø og folkehelse.
Born og unge		Å ta vare på naturen er positivt for barn og unge.
Teknisk infrastruktur		
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

7.3 Kådavågen – Svansholmen



Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Odd Sørestad og Jostein Bjelland
Stad. Gbnr	Kådavågen – 87/3 og 88/2
Gjeldande kommuneplan	LNF- føremål med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Svansholmen er ein liten skogkledd holme i innløpet til Kådavågen. Surdal er ei bukt brukt som badeplass innerst i Kådåvågen.

Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Områdene bør bevares. Enkel tilrettelegging for friluftslivsbrukere bør tillates.
Arealstorleik	39 dekar
0-alternativ	Dagens planformål – LNF med omsynssone friluftsliv

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Sårbar semi-naturleg eng, og trua sumpskogsmark i Surdal. Ålegraseng på austsida av Svansholmen.
Naturresursar		
Jordbruk		
Skogbruk		
100-metersbeltet		Forslaget medfører ikkje nedbygging, men det kan vera behov for mindre tiltak for å tilrettelegga for båtutfart eller bading.
Landskap		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		
Forureining og klimagass		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Positivt for bumiljø og folkehelse.
Born og unge		Å ta vare på naturen er positivt for barn og unge.
Teknisk infrastruktur		
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

7.4 Åkerholmen og Storholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Dødsbuet etter Anlaug Synnøve Klevar Skår Arthur Kjetil Sandvik og Linda Lyng Sandvik
Stad. Gbnr	82/2 og 82/2
Gjeldande kommuneplan	LNF med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Ågerholmen og Storholmen ligg ved utløpet av Årdalsfjorden ved Nordskår.
Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Området bør sikres for all fremtid. Enkel tilrettelegging for friluftsliv bør tillates.
Arealstorleik	12 + 36 dekar
0-alternativ	Dagen plan – LNF-føremål med omsynssone

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Kystlynghei (EN) på Ågerholmen
Naturresursar		
Jordbruk		Beitebruk
Skogbruk		
100-metersbeltet		Dersom behov for tiltak for tilrettelegging
Landskap		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		

Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		
Forureining og klimagass		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Positivt for bumiljø og folkehelse.
Born og unge		Å ta vare på naturen er positivt for barn og unge.
Teknisk infrastruktur		
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

7.5 Heimre Børøyholmen





Innspel frå	Forum for Natur og Friluftsliv
Eigar	Eivind Lodén
Stad. Gbnr	89/1
Gjeldande kommuneplan	LNF med omsynssone friluftsliv
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Skogkledd holme søraust for Børøy, mellom VBørøy og Søre Børøyholmen
Skildring av forslag	Grønnstruktur - friområde Statlig sikret friluftslivsområde. Området bør sikres for all fremtid. Enkel tilrettelegging for friluftsliv bør tillates.

Arealstorleik	52 dekar
0-alternativ	Dagens plan – LNF med omsynssone.

Tema	**Konsekvens**	**Forklaring/kommentar**
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Viktig naturtype – rikt strandberg- i sør.
Naturresursar		
Jordbruk		
Skogbruk		
100-metersbeltet		Dersom behov for tiltak for tilrettelegging
Landskap		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		
Forureining og klimagass		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		Positivt for bumiljø og folkehelse.
Born og unge		Å ta vare på naturen er positivt for barn og unge.
Teknisk infrastruktur		
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		

7.6 Hovudturveg – endring av turistforening sitt løypenett





Innspel frå	Stavanger turistforening
Eigar	Hjelmeland statsallmenning, sameiget Grasdalen, Storådalen og Futen, sameiget Nilsebu
Stad. Gbnr	Hjelmeland Statsallmenning 144/1 Grasdalen 118/1 Nilsebu 121/3
Gjeldande kommuneplan	Hovudturveg - linjer
Gjeldande reguleringsplan	
Skildring av området	Høgheia i Hjelmeland
Skildring av forslag	Omlegging av hytte- og løypenett av omsyn til villrein, jf. forslag tiltaksplan for villrein. Ny hytte ved Helvetesvatnet, ny hytte i Grasdalen, nedlegging av

	Eidavatnet og gammel hytte i Grasdalen, omlegging av løyper som vist i kart .
Lengd	Ca. 18 km løype nedlagt ca. 11 km ny løypetrasé
0-alternativ	Dagen løypenett

Tema	Konsekvens	Forklaring/kommentar
Miljø- og naturresursar		
Naturmangfald		Omlegging av omsyn til villrein.
Naturresursar		
Jordbruk		
Skogbruk		
100-metersbeltet		
Landskap		
Kulturminne, kulturmiljø og kulturmiljø		
Friluftsliv og nærmiljø		
Vasskvalitet og vassmiljø		
Forureining og klimagass		
Tettstadsutvikling		
Bumiljø og folkehelse		
Born og unge		
Teknisk infrastruktur		
Sosial infrastruktur		
Transportbehov/ trafikkmengd		
Næring og sysselsetjing		
Beredskap		